

DEN NORSKE KYRKJA

MØTEBOK

Torsdag den 29. november kl. 18.00 – 20.00 heldt Fellesrådet møte i Sveio Soknehus

Møte var kalla inn ved e-post til medlemmene 23.11.2018

Følgjande medlemmer/vara medlemmar møtte; Hildur Larsen, Tor Helge Hardeland, Bent Rune Sinnes, Eirik Eriksen og Arild Steinsland

Forfall frå; Kjell Gunnar Nymark, Ragnhild Lysen, Astrid Farestveit Gane

Merknader til innkallinga; Nei

Merknader til saklista; Nei

Tekst for dagen ved Arild Steinsland

Til stades frå administrasjonen; Kyrkjeverje Ottar Krakk

Sakliste og dei vedtak som er gjort er protokollert nedanfor:

Sak 21/2018 Godkjenning av referat og innkalling

Informasjon og skriv

Sak 22/2018 Kjøp av tenester frå Sveio Soknehus

Sak 23/2018 Leasing av bil – ev kjøp

Sak 24/2018 Rekneskapsrapport jan-okt 2018

Sak 25/2018 Budsjett 2019

Sak 26/2018 Betalingssatsar for leige av kyrkjer mv i 2019

Sak 27/2018 Val av leiar og nestleiar for 2019

Sak 28/2018 Revisjonsberetning 2017

Sak 29/2018 Badeanlegg

Sveio, 05.12.2018

sign

Tor Helge Hardeland

Leiar



Ottar Krakk
Kyrkjeverje

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	29.11 2018	Fel . 21/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 21/2018 Godkjenning av referat og innkalling**Informasjon og skriv:**

- Utsett frist til 31.12.2018: Høyring Plan for gravplassar
- Forlenging av frikjøpsavtale til trusopplæring ut juni 2019 - Sokneprest
- Politiet; Forsøk på brannstifting Sveio kyrkje – henlagt
- Forsikring – endring i vilkår; Sveio kyrkja, Valen kapell, Innbu
- Høyring – Ny kyrkjeordning -

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	29.11 2018	Fel . 22/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 22/2018 Kjøp av tenester frå Sveio Soknehus

Styret for Sveio Soknehus har vendt seg til Fellesrådet med førespurnad om å kjøpa tenester frå Fellesrådet. Tenestene vil vera reinhald, orden, enkelt vedlikehald mv. i forsamlingsdelen av Sveio soknehus.

Dette er konkretisert til ein 15% stillingsbrøk. På årsbasis utgjer dette omlag 260 arbeidstimar. Det er tatt utgangspunkt i løn tilsvarande kyrkjetenar, dvs. lønsgruppe 1 innanfor KA sektoren. Konkret ønskjer styret at fellesrådet førespør kyrkjetenar om å utvida sin stillingsbrøk. Det er ønskeleg frå soknehuset si side då det gjev rom for fleksibilitet i utføring av arbeidsoppgåver.

Årsløn i lønsgruppe 1 utgjer pr. november 2018 kr 393.700,- i 100% stilling. I tillegg kjem pensjon, arbeidsgivaravgift mv. For ein 15% stilling vil dette utgjera omlag kr 90.000,- på årsbasis, 7500,-/månad.

Dersom me vel denne løysinga må det gjerast ein avtale med styret for Sveio Soknehus om refusjon av denne kostnaden.

Ho som innehar kyrkjetenarstillinga er førespurt og er interessert i å utvida stillinga. Det er vidare avklart med fagrørsla at Fellesrådet kan tilby utviding av stilling utan å gå til utlysing.

Det er utarbeida eit framlegg til avtale mellom Fellesrådet og Sveio Soknehus.

Vurdering

Kyrkjevevja vurderer dette som ei ordning som kan vera tenleg for begge parter. For Fellesrådet si side vil det vera gunstig at soknehuset har ei god og fleksibel drift. Aktivitet i kyrkjene og soknehuset er skiftande og vil variere gjennom året. Dersom kyrkjetenar har ein litt større stillingsandel vil ein kunne utnytte denne ressursen noko betre. Fellesrådet tar på seg noko meir ansvar som arbeidsgivar for den tilsette. Det er viktig å gjera ein avtale som regulerer ulike forhold i avtalen. Det er vidare viktig at avtalen regulerer kor langt Fellesrådet sitt ansvar strekkjer seg ved ev vakanse eller fråvær. Ein avtale bør og regulera ev opphøyr av avtalen.

Dokument i saka:

Utkast til avtale

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellestråd går inn for å yta tenester tilsvarende 15% stilling til Sveio Soknehus mot refusjon av alle utgifter.
2. Leiar i Fellestrådet får fullmakt til å underteikna avtale.
3. Sveio Kyrkjelege Fellestråd gir Kyrkjeverja fullmakt til å utvida kyrkjetenar sin stilling når avtale med Sveio Soknehus er signert.

Behandling i Fellestrådet:

Fellestrådet drøfta ulike moment i saka.

Fellestrådet sitt vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellestråd går inn for å yta tenester tilsvarende 15% stilling til Sveio Soknehus mot refusjon av alle utgifter.
2. Leiar i Fellestrådet får fullmakt til å underteikna avtale.
3. Sveio Kyrkjelege Fellestråd gir Kyrkjeverja fullmakt til å utvida kyrkjetenar sin stilling når avtale med Sveio Soknehus er signert.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	29.11 2018	Fel . 23/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 23/2018 Leasing av bil – ev kjøp

I sak 20/2015 vedtok Fellesrådet å gå inn for leasing av arbeidsbil til Fellesrådet. Ein Ford Transit Custom vart leasa for ein treårsperiode og tatt i bruk frå månadsskiftet januar/februar 2016. Denne perioden er nå snart omme og Fellesrådet må ta stilling til om ein skal inngå ny leasingavtale eller kjøpa ut bilen.

Det er nyleg innhenta pris på utkjøp. Me har tilbod om å kjøpa bilen for kr 173000,- + omregistrering på kr. 2019,- . Det er gitt signal på at me kan koma med eit motbod om me ikkje aksepterer denne summen.

Dersom alternativet er å levera inn bilen etter endt leasingperiode må ein og pårekna nokre kostnader. Det er nokre små bulkar mv i bilen. Det er uklart kva kostnader det vil vera å utbetra desse, men det kan vera 20-30.000,- Skadane er imidlertid ikkje av betydning for eige bruk. Ved ev leasing av ny bil må ein og pårekna kostnader med flytting av innreiing. Det er vanskeleg å fastslå konkret kostnad, men me kan gjerne gå ut frå 4-5000,-.

Leasingkostnadane for nåverande leasingbil er pr. månad kr. 3685,- + kr. 675,- i drift (service, dekkskift mv) Totalt kr. 4360,- + mva I tillegg kjem forsikring og ev eigenandelar på skade. Me har i desse tre åra hatt tre skader som alle har kosta oss kr 10000,- i eigenandel.

Kostnader til drift vil det og vera ved kjøp av bilen. Det kan då tas utgangspunkt i at det ved eit ev kjøp er det summen 3685,-/månad , 44220,- /år som er spart utgift til leasing. Driftsutgiftene vil sannsynlegvis auka noko i løpet av dei komande åra, jf. behov for reperasjonar.

Det er ikkje innhenta tilbod på ny leasing. Me kan her for enkelhets skuld ta utgangspunkt i leasing på same vilkår som nå.

Ev kjøp kan finansierast gjennom bruk at midlar som står på disposisjonsfondet. På Fellesrådet sitt disposisjonsfond står det pr. 2018 kr 343295,-

Vurdering:

Kyrkjevevja vil tilrå at Fellesrådet går inn for å kjøpa leasingbilen innanfor ei ramme på 173000,- . Finansiering kan skje ved bruk av fond. Bilar fell fort i verdi og det er ein føresetnad at ein i løpet av ein periode på 4-5 år har bygt opp disposisjonsfondet tilsvarande. I budsjett må det derfor setjast av midlar til dette. Kyrkjevevja vil tilrå å setja av kr 42000,-/år til dette føremålet dei næraste fire åra Det tilsvarer kr 3500,-/månad som er litt lågare enn det vi nå nyttar til sjølve leasinga.

Kostnader til drift vil påløpa uavhengig av kjøp eller leasing. Men vil sannsynlegvis vera noko dyrare når det gjeld ein eldre bil.

Ved kjøp vil me spara kostnader til overflytting av innreiing samt til dekning av småskader, jf. ovanfor.

Kyrkjeverja sin vurdering er derfor at kjøp er beste løysinga økonomisk sett.

Dokument i saka

- *Sak 20/2015 Leasingbil til uteavdelinga*

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd går inn for kjøp av leasingbil
2. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjennomføra kjøpet innanfor ei øvre ramme på kr 173000,-
3. Finansiering vert gjort gjennom å nytta fellesrådet sitt disposisjonsfond.

Behandling i Fellesrådet:

Fellesrådet er positive til kjøp av bil. Ber om at det vert tatt NAF-test av bilen for å få ein vurdering av pris mv.

Fellesrådet sitt vedtak:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd går inn for kjøp av leasingbil
2. Kyrkjeverja får fullmakt til å gjennomføra kjøpet innanfor ei øvre ramme på kr 173000,- Fellesrådet ber om at det vert tatt ein NAF-test før ein gir bud.
3. Finansiering vert gjort gjennom å nytta fellesrådet sitt disposisjonsfond.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	29.11 2018	Fel . 24/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 24/2018 Rekneskapsrapport jan-okt 2018

Det ligg nå føre økonomirapport for dei første 10 månadane av 2017. Så langt kyrkjevevja kan sjå ser det ut til at me held oss innanfor budsjett totalt sett. Det vil i eit rekneskap på om lag 5,5 million vera postar og ansvarsområde der ein har hatt eit større eller mindre forbruk enn budsjettert. Det same vil det vera på inntektsida. Her er det imidlertid mindre utslag då dei større postane i form av kommunal finansiering og tilskot til trusopplæring er kjente.

Her er hovudtala for kvart ansvarsområde;

REKNEKAPSRAPPORT JAN-OKT 2018						
		Regnskap	Per.b(end)	Buds(end)	Avvik(per.)	Regnskap
		2018	2018	2018	0	2017
57100	ADMINISTRASJON	-359670	-214792	0	-144878	-271090
57200	DRIFT KYRKJER	-83964	-242728	0	158764	67606
57210	VALESTRAND KULTURKYRKJE	28551	-80	0	28631	40653
57300	DRIFT KYRKJEGARDAR	-82752	-116564	0	33812	-140850
57410	DIAKONI	-21438	-8140	0	-13298	-17625
57420	TRUSOPPLÆRING	-309944	-41478	0	-268466	-209623
57430	KONFIRMANTARBEID	56134	-6018	0	62152	7998
57440	KYRKJEMUSIKK	-2826	-9	0	-2817	-1311
57450	BARNEKOR	-86744	-50936	0	-35808	-6525
	T O T A L T	-862651	-680745	0	-181907	-530767

Totalbilde viser eit rekneskap som vil gå i balanse. Dei to siste månadane av året er det ikkje forventa større inntekter, men det vil framleis koma betydeleg med utgifter. Eg vil nedanfor kommentera nokre punkt under kvart ansvarsområde samt eit par generelle punkt;

Ansvar 57100 Administrasjon

Det er nytta mindre til godtgjersle folkevalte enn både budsjettert og i 2017. Det har nok vore litt færre møter i 2018 samt at det er ein del som ikkje har levert inn oppmøteskjema. Her vil det koma meir utgifter ved slutten av året.

Ansvar 57200 Drift Kyrkjer

Lønsutgiftene (inkludert andre lønskostnader) er her noko høgare i 2018. Hovudgrunnen til dette er auke i kyrkjetenarstillinga frå 35 til 50%. Det er vidare eit meirforbruk på straum. Det er og ført kostnader med oppgraderinga av ringeanlegget i Sveio kyrkja her på i overkant av kr 100.000,-, dette skal refunderast av bevilgningar frå kommunen.

Ansvar 57210 Valestrand Kulturkyrkje

Her ser det ut til å bli eit mindre overforbruk. Det er eit eige fond som vil dekkja dette.

Ansvar 57300 Drift Kyrkjegardar

Det er her ført utgifter i samband med ferdigstilling av uteanlegget på kyrkjegarden ved Sveio kyrkje, asfaltering (54800,-). Det er tidlegare vedtatt at dette skal dekkast av vedlikehaldsfond.

Ansvar 57410 Diakoni

Ingen merknadar

Ansvar 57420 Trusopplæring

Fellesrådet har foreløpig ikkje mottatt refusjonskrav frå bispedømmerådet jamfør frikjøpsavtale. Det vil i løpet av året og bli føretatt innkjøp av diverse materiell i trusopplæringa.

Ansvar 57430 Konfirmantarbeid

Her ser det ut til å bli eit meirforbruk dette året. Ein av grunnane er reinsing av alle konfirmantkappane.

Ansvar 57440 Kyrkjemusikk

Ingen merknadar

Ansvar 57450 Barnekor

Det er i år søkt om og mottatt tilskot til nytt lysanlegg i Sveio kyrkje. Det var barnekoret som stod som ansvarleg søker og tilskotet er ført her. Det er lite sannsynleg at ein nå får gjennomført dette tiltaket i 2018. Tilskotet på kr 50000,- vil då bli ført over på eit bunde fond.

Generelle merknadar

Løn blir kjørt gjennom kommunen sitt lønssystem. Her er det gjort litt korrigeringar som medfører at føring av trekk til pensjonskostnader er meir korrekte i 2018 enn tidlegare. Tidlegare år har dette blitt korrigert ved årsavslutning. For 2018 medfører dette at me kan forventa mindre positive korrigeringar enn tidlegare år, anslagsvis på rundt 80.000,-

Vurdering

Kyrkjeverja vurderer at rekneskapen for første 10 månadar tilseier eit rekneskap som vil gå omlag i balanse. Moment som er nemnt ovanfor er kjente og skal dels finansierast utafor driftsrekneskapen. Hittil i år har me i liten grad hatt sjukefråvær som medfører behov for vikar. Vi har 1. august 2018 overtatt vedlikehaldet av grøntanlegget på Gravplassen ved Sveio kyrkja. Det er seint i sesongen, men eit anna år vil det vera behov for noko meir arbeidsinnsats/sommarvikar for å halda gravplassane tilfredstillande.

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Økonomirapport for Sveio Kyrkjelege Fellesråd for perioden 01.01. – 31.10.2018
vert tatt til orientering

Behandling i Fellesrådet:

Det vart gitt ei munnleg orientering. Enkelte punkter vart drøfta.

Fellesrådet sitt vedtak:

Økonomirapport for Sveio Kyrkjelege Fellesråd for perioden 01.01. – 31.10.2018 vert
tatt til orientering

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	29.11 2018	Fel . 25/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 25/2018 Budsjett Sveio Kyrkjelege Fellesråd 2019**Føresetnader/inntekter**

Inntektsida til Fellesrådet er i stor grad kommunale tilskot med omlag 2/3 av inntektene. I rådmannen sitt framlegg til budsjett for Sveio kommune er tilskotet til Sveio Kyrkjelege Fellesråd auka med 100.000,- noko som utgjer 2,6%. Det er det same som dei ulike kommunale einingane har fått for å møte generell pris og lønstigning. Dette tilskotet er ikkje vedtatt og Fellesrådet må ev endra sitt budsjettvedtak om det vert endring i tilskot frå kommunen. Andre inntekter for Fellesrådet her tilskot til trusopplæring frå bispedømme, festeavgifter, eigenbetaling samt offer. I budsjettframlegget er det ikkje lagt opp til endringar i desse postane utover at det er justert ned kor mykje me kan forventa i festeavgift. Denne er justert ned frå 260.000,- til 250.000,- Dette er gjort ut frå erfaringstal.

Utgifter

Den aller største utgifta til Fellesrådet er lønsrelaterte utgifter. Det vil bli lagt til grunn ein mindre lønsauke, jf. årets lønsoppgjer. Det er vidare gjort nokre justeringar i forhold til pensjonsrelaterte utgifter jf. at det tidlegare år har blitt trekt noko meir enn det som var naudsynt. Dette har årleg blitt avklart ved årsoppgjeret noko som har gitt oss eit betre resultat enn det som var forventa i løpet av året. Budsjettet skal nå vera litt meir i tråd med realitetane på dette punktet.

I 2019 er det kyrkjeval. Det er ansvar 57100 lagt inn i budsjettet auka utgifter til dette samt forventa tilskot på 34000,- til kyrkjevalet.

Det er i tråd med tidlegare vedtak om å tilsetja kyrkjetenar i 50% stilling samt mulig auke til 65% stilling lagt inn auke i lønsutgifter under ansvar 57200, drift kyrkjer. For å finansiera dette er det og lagt inn refusjon frå Sveio soknehus samt at kr 70000,- av auken i tilskotet frå kommunen er lagt inn her.

I tråd med framlegg i vedtak i anna sak er det gjort justeringar i budsjettet for ansvar 57300 drift Kyrkjegardar. Utgifter til leige av bil er redusert og det er gjort ei nesten tilsvarande auke i avsetnader til disposisjonsfond, jf. finansiering av kjøp av bil.

Innanfor ansvar 57420 Trusopplæring er det framleis sett av midlar til frikjøp av sokneprest for heile året. Det er signalisert at det vil bli endringar i denne avtalen frå sommaren 2019. Det må ev vurderast å omdisponera desse midlane til løn dersom Fellesrådet vel å tilsetja ein person til desse arbeidsoppgåvene frå hausten av.

Utover endringane som er nemnt ovanfor er det gjort ein del mindre justeringar på postar inne på kvart ansvarsområde. Dette er gjort ut frå erfaringstal.

I budsjettet er det vidare lagt inn nye tal for kommunal tenesteyting, jf. tenesteytingsavtalen som vart vedtatt i 2018. Det er nå lagt inn kr 390.000,- under administrasjon og kr 125000,- under kyrkjegardar. Tidlegare var desse totalt på kr 200.000,-

VURDERING:

Kyrkjevevja vurderer at budsjettet er stramt. Det er lagt opp til auke i utgifter i størrelsesorden kr 90000,- ved auke av kyrkjetenarstilling frå 35-50%. Desse utgiftene må finansierast ved reduksjon i andre utgifter. Dette vil bli krevjande men det er ikkje umulig, jf. erfaringar frå dei siste åra. Dei andre endringane i budsjettet skal vera finansiert gjennom auke i inntekter.

Slik kyrkjevevja vurderer det er det beklageleg at kommunen ikkje kom Fellesrådet i møte i forhold til auke i tilskot slik at ein fekk auka administrativ ressurs samt finansiert auke i kyrkjetenarstilling. Auken i kyrkjetenarstilling er vedtatt og må finansierast. Det kan etter kyrkjevevja sin vurdering ikkje gjerast nokon auke i administrativ ressurs så lenge dette ikkje er finansiert.

Kyrkjevevja vil tilrå at Fellesrådet vedtar budsjettframlegget slik det ligg før.

Dokument i saka:

- Framlegg til driftsbudsjett for Sveio Kyrkjelege Fellesråd 2019

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Sveio kyrkjelege Fellesråd vedtar framlegg til budsjett for 2019.
2. Ved endringar i kommunalt tilskot til Fellesrådet må det fremjast nytt justert framlegg til budsjett.

Behandling i Fellesrådet:

Orientering og drøfting av budsjetttrammer.

Fellesrådet sitt vedtak:

1. Sveio kyrkjelege Fellesråd vedtar framlegg til budsjett for 2019.
2. Ved endringar i kommunalt tilskot til Fellesrådet må det fremjast nytt justert framlegg til budsjett.

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	29.11.2018	Fel . 26/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 26/2018 Betalingssatsar for leige av kyrkjer mv i 2019

Det er Fellesrådet som skal setja fast utleigesatsar for kyrkjer mv. Det føreligg ein oversikt over dette. Desse satsane vart sist justert i november 2017. Utleige er svært avgrensa og ei ev justering av satsar her vil ikkje gjera store utslag i økonomien til Fellesrådet som heilhet.

Det som er viktig her er at Fellesrådet får dekkja sine utgifter i samband med gravferder og vigsel for personar som ikkje er busette i kommunen (utanbygds)samt at me får dekkja kostnader til oppvarming og kyrkjetenar ved t.d. utleige til konsertar mv.

Gravferd og vigsel vert vurdert som utanbygds om den døde eller brudefolka er folkeregistrert i annan kommune.

Festeavgift mv skal fastsetjast av kommunen etter framlegg frå Fellesrådet. Kyrkjevevja vil ikkje tilrå endringar her nå for 2019 men vil koma tilbake med framlegg til endringar her i løpet av 2019. Desse endringane vil i så fall bli gjeldande frå 2020. Det var planlagt at ei slik vurdering skulle gjennomførast i 2018 med verknad for 2019. Denne må utsetjast på grunn av at planarbeidet for gravplassar er forseinka. Festeavgift utgjer ein betydeleg inntekt for Fellesrådet. I inneverande år er det budsjettert med kr 260.000,- i inntekter frå festeavgift. Det vert betalt kr 250,-/grav/år i festeavgift. Det vert ikkje betalt for grava i frigravsperioden, dvs. frå gravlegging og 30 år fram i tid. Festeavgift vert kravd inn for 10 år om gongen. Når det vert festa ei grav ved sida av den gravlagde vert det betalt festeavgift for denne frå den vert festa, det vert heller ikkje seinare gitt periode for frigrav for denne grava.

Dokument i saka:

- Utleigesatsar for kyrkjer mv i Sveio 2018

Kyrkjevevja sitt framlegg til vedtak:

1. Utleigesatsar for kyrkjer vedtatt 30.11.2017 vert gjeldande og for 2019
2. Satsar for festeavgift mv vert føreslått uforandra for 2019

Fellesrådet sitt vedtak:

1. Utleigesatsar for kyrkjer vedtatt 30.11.2017 vert gjeldande og for 2019
2. Satsar for festeavgift mv vert føreslått uforandra for 2019

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	29.11 2018	Fel . 27/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk		Arkiv:	

Sak 27/2018 Val av leiar og nestleiar for 2019

Sveio Kyrkjelege Fellesråd er valt for ein periode på fire år. «Regler om formene for menighetsrådet og kirkelig fellesråds virksomhet» slår fast leiar og nestleiar skal veljast innan 1. januar kvart år. Leiar og nestleiar vert valt for eit år av gongen.

For inneverande år og 2017 er Tor Helge Hardeland leiar og Ragnhild E. Lysen nestleiar. I 2016 var Ragnhild Lysen leiar og Tor Helge Hardeland nestleiar.

Framlegg til leiar og nestleiar for 2019 vert å fremja i møte. Nytt Fellesråd skal konstituera seg innan 1. desember 2019

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

1. Leiar i Sveio Kyrkjelege Fellesråd fram til nytt fellesråd konstituerer seg hausten 2019 vert;
2. Nestleiar i Sveio Kyrkjelege Fellesråd fram til nytt fellesråd konstituerer seg hausten 2019 vert;

Behandling i Fellesrådet:

Framlegg om Bent Rune Sinnes som ny leiar.

Framlegg om Tor Helge Hardeland som ny nestleiar.

Ingen andre framlegg.

Fellesrådet sitt vedtak:

1. Leiar i Sveio Kyrkjelege Fellesråd fram til nytt fellesråd konstituerer seg hausten 2019 vert; Bent Rune Sinnes
2. Nestleiar i Sveio Kyrkjelege Fellesråd fram til nytt fellesråd konstituerer seg hausten 2019 vert; Tor Helge Hardeland

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	29.11 2018	Fel . 28/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 28/2018 Revisjonsberetning 2017

KPMG har nyleg kome med sin uttale om revisjon av Fellesrådet sitt budsjett. Konklusjonen til KPMG er at rekneskap og årsmelding i all hovudsak er i tråd med vedtatt budsjett. Dei finn og at dokumentasjon og registrering i rekneskap er i tråd med lov og god bokføringskikk.

Vurdering:

Kyrkeverja vil tilrå at Fellesrådet tar revisjonsberetninga til orientering.

Dokument i saka:

KPMG; Uavhengig revisors beretning, datert 09.11.18

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd tek KPMG sin revisjonsberetning til orientering.

Fellesrådet sitt vedtak:

Sveio Kyrkjelege Fellesråd tek KPMG sin revisjonsberetning til orientering

SVEIO FELLESRÅD SAKSPAPIR

Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh.
Fellesrådet	29.11 2018	Fel . 29/2018	OK
Sbh: Ottar Krakk	Arkiv:		

Sak 29/2018 Nytt badeanlegg i Sveio Sentrum

Sveio Kyrkjelege Fellesråd har mottatt varsel om Reguleringsplan for nytt badeanlegg i Sveio Sentrum vis a vi Sveio Kyrkje. Reguleringsplanen omfattar og areal som ligg innanfor omsynsonen rundt Sveio kyrkje (60 meter).

Sveio kyrkjelege Fellesråd hadde foreløpige planar til uttale og i juni 2018. Då gav Fellesrådet følgjande uttale;

Nytt badeanlegg i Sveio

Det er mottatt varsel om oppstart av planarbeid for badeanlegg i Sveio sentrum, plassering like på andre sida av Sveiogata sør for Sveio Kyrkje.

Fellesrådet gir følgjande uttale;

Sveio kyrkjelege Fellesråd ser positivt på bygging av badeanlegg i Sveio sentrum og ser at det kan vera ei god plassering med nærleik til blant anna kyrkje og soknehus. Sveio Kyrkjeleg Fellesråd vil samtidig understreka nokre moment som og kjem fram av dokumenta som føl kommunen si sak om bygging av badeanlegg.

Vi viser til «Føresegner til kommuneldelplan for Sveio Sentrum» Her står det blant anna; «Sveio kyrkje skal framleis vera det mest markerte landemerket.....»

Vi viser og blant anna til punkt 5.6 og 13.2 i planen som begge seier noko om korleis ein må utforma områder som ligg nært opp til kyrkja, særleg område som ligg i 60 meter sona.

Fellesrådet vil understreka det som og kjem fram i saksdokumenta om at det må leggst til rette med tilstrekkeleg med parkering til badeanlegget. Då kan ein samtidig sikra god sambruk med andre sentrumsfunksjonar som kommunehus, kyrkje og soknehus.

Reguleringsplanen som nå ligg føre peikar på at det må tas omsyn til nærleiken til kyrkja. Den slår fast at mønehøgde er maks 15 meter på bygg, med unntak av ev tekniske installasjonar og plass for stupetårn. Kyrkja si mønehøgde er 14 meter på kyrkjekipet.

Reguleringsplanen fastslår vidare at det skal vera 100 parkeringsplassar knytt til badeanlegget. Desse skal koma i tillegg til nåverande omlag 50 parkeringsplassar.

Eit sentralt tema er kva som kan gjerast innanfor omsynssonen på 60 meter. Denne strekkjer seg over Sveio gata og dekkjer heile nåverande parkering på sørsida av vegen samt omlag 10-15 inn på arealet som nå er landbruksjord. I dette arealet vil det etter all sannsynlege vera inngrep i form av opparbeiding av uteareal, t.d. park eller parkering.

Kor sjølv badeanlegget vert plassert på tomte er uavklart. Det vil bli utlyst ein arkitektkonkurranse der dette spørsmålet vert opp til arkitektane. Det er samtidig antyda ei plassering mot Mannabergvegen like sør for nåverande parkering. Det vert frå kommunen si side opplyst at det vil bli høve til å uttala seg når det føreligg konkrete prosjekt, jf. nabovarsel.

Rundskriv T-3/00 «Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø» punkt 4.2 slår fast at det i spredbebygd området er forbode å føra opp bebyggelse nærare enn 60 meter frå kyrkjebygg utan at biskopen gir løyve. Fellesrådet har saman med andre kyrkjelege myndigheter eit ansvar for å vera oppmerksame på at det må tas «tilbørlig hensyn til naboskapet til kirken» også utafor 60 meter sonen.

Denne saka er og til behandling i Sveio sokneråd.

VURDERING:

Kyrkjeverja vil tilrå at Fellesrådet gjev uttale om at det er forventningar til at det ved bygging av badeanlegg vert tatt omsyn til nærleiken til kyrkja. Dette bør slik kyrkjeverja vurderer det skje ved å ikkje føra opp nokon del av bygget inne i omsynssonen. Vidare vil eg tilrå at Fellesrådet peikar på at arealet som kjem innanfor omsynssonen må opparbeidast slik at det inngår som ein heilhet i lag med det parkmessige området elles i området t.d. mellom kyrkja og Sveiogata. Kyrkjeverja vil vidare tilrå at bygget bør leggjast slik at det er til minst mulig hinder for at Sveio kyrkja framleis skal opplevast som det mest markante landemerket i Sveio sentrum. Dette kan t.d. skje ved at bygget vert lagt så lågt som mulig i forhold til terrenget slik at mønehøgda blir lågare enn dei maksimale 15 meter over bakkenivå.

Dokument i saka:

Sveio kommune; Detaljreguleringsplan for badeanlegg
Rundskriv T-3/00

Kyrkjeverja sitt framlegg til vedtak:

Sveio kyrkjelege fellesråd gir følgjande uttale til reguleringsplan for badeanlegg i Sveio Sentrum:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd ser positivt på bygging av badeanlegg på aktuell tomt.
2. Det bør ikkje oppførast nokon del av bygning innanfor 60 metersonen
3. Arealet som er innafor 60 metersonen må opparbeidast slik at det tek omsyn til nærleiken til kyrkja.
4. Badeanlegget bør plasserast slik i terrenget at Sveio kyrkja framleis kan vera det mest markante landemerket i Sveio sentrum.
5. Sveio kyrkjelege Fellesråd ber om å bli tatt med på råd ved val av alternativ.

Behandling i Fellesrådet:

Drøfting av ulike aspekt i saka.

Fellesrådet sitt vedtak:

Sveio kyrkjelege fellesråd gir følgjande uttale til reguleringsplan for badeanlegg i Sveio Sentrum:

1. Sveio Kyrkjelege Fellesråd ser positivt på bygging av badeanlegg på aktuell tomt.
2. Det bør ikkje oppførast nokon del av bygning innanfor 60 metersonen
3. Arealet som er innafor 60 metersonen må opparbeidast slik at det tek omsyn til nærleiken til kyrkja.
4. Badeanlegget bør plasserast slik i terrenget at Sveio kyrkja framleis kan vera det mest markante landemerket i Sveio sentrum.
5. Sveio kyrkjelege Fellesråd ber om å bli tatt med på råd ved val av alternativ.

